



November 2015.

Målestasjonen til Joar samla opp 313 mm. nedbør.



Mot Ortnevik.

Foto: Ivar Orvedal.

Biblioteket vårt inviterte til "Nordisk bibliotekuke 2015". Tema: "Vennskap i Norden".



I skumringstimen las Bibliotekar Nina frå "Vaffelhjarte" av Maria Parr. Same historia som alle menneske i Norden fekk høyre på biblioteka sine denne veka.

*< Nina les frå
Vaffelhjarte*

Borna som møtte
opp fekk tildelt
ark, penn og
fargar, for å
skrive og teikne
helsing til ein
ven



Julegateopning.

Juletreet vart tent utafor butikken sist laurdag. Dette er det 10. året sidan ordførar Longva planta 2005 bjørka, i samband med jubileumsfeiringa. No har den vakse seg stor og det må dugleik til for å få julepynten på plass.

Butikken og Sanitetslaget organiserte dagen. Me fekk servert frukt, kaffi, julebrus, berlinerbollar og peparkaker. Det var fin biletfamsyning frå 2005 jubileet.

Anders spela julemusikk, denne gongen frå ein krok inne på butikken og med flunkande nytt instrument.

Nina og Wenche premierte vinnarar av turpostane i bygda. 01.sept. 2014 – 01.sept 2015. Årleg premiering v/Ortnevik Sanitetslag (etter trekning)

2449 turar til saman – Flott!

Dei som ikkje har fått premien sin, kan hente den på butikken ved høve.



Fitjestranda 700 turar. Vinnar: Eirik Madsen. Kåretangen 39 turar. Vinnar: Linn Sæbø Øvreås
Seten 483 turar. Vinnar: Torbjørn Vardehaug. Gurihola 641 turar. Vinnar: Hallfrid Dyrddal
Skjersenga 335 turar. Vinnar: Ann Iren Østerbø. Vassdalen 97 turar. Vinnar: Lief H. Janborg
Lialøa 154 turar, Vinnar: Solveig Lavik.

Start på arbeidet med kveiteoppdrett på Øyra.

No er anleggsarbeidet i gang med kveiteoppdrettet på Øyra. Det har vore stor aktivitet siste veka, og det er snart klart for å ta djupvatn frå Sognefjorden, inn på Øyra.

Røyra som skal leggst ned vert sveisa saman i Bjordal, og skal slepast inn til Ortnevik. Vi ynskjer lukke til med arbeidet.

Inge



Halloween-fest i Ortnevik Grendehus

Hannah arrangerte Halloween-fest for 1-5 klasse den 1 november. Grendehuset i Ortnevik var ideelt til føremålet, og med gode medhjelparar vart det både røyk, lys og lyd som gav god stemning til dei frammøtte. Thomas og Silke kom frå Ikjefjord og tilbød å hjelpe til, og dei gjorde ein fantastisk jobb som både store og små sette pris på. Sidan festen vart sopass populær blant gjestene som var her i år, håper vi å gjere dette til ein årleg tradisjon.



Helsing Eldar og Hannah

Oppussing i Grendehuset

Det er vorte veldig flott i Grendehuset etter at vaktmeistaren vår har måla heile trimrommet og mykje av gangen. Hannah ser ut til å trivast med måling, og ho gjer ein flott jobb.

No er det berre å kome i gang med trening i det nye trimrommet. Kontakt Hannah for kode til nøkkelskap, eller lån nøkkel til døra.

Grendehuset er også klart for utleige til dei fleste anledningar.



Inge



Gudsteneste i Ortnevik kyrkje, 13 desember kl. 1100, v/Andreas Ester.
Gudsteneste Ortnevik Kyrkje, 24 desember kl. 1400, v/Geir Sørebo

Med helsing frå Grendelaget!